



HERØY
kommune



Områderegulering for Fosnavåg sentrum

Planprogram

2024

Høyingsutkast

EI BÅTLENGD FØRE



Innhald

1.	innleiing.....	2
1.1.	Om områdereguleringsplan og planprogram	2
2.	Innleiing	3
2.1.	Formål med områdeplanen	3
2.2.	Bakgrunn.....	3
3.	Planens formål og rammer	3
3.1.	Overordna mål	3
3.2.	Planen sitt innhald og detaljgrad	3
3.3.	Krav om konsekvensutgreiing.....	4
3.4.	Planprosess og organisering	4
3.5.	Juridisk og politisk grunnlag.....	4
3.6.	Geografisk avgrensing	4
4.	Skildring av planområdet.....	6
4.1.	Eksisterande situasjon.....	6
4.2.	Landskapsbilete.....	7
5.	Alternativ	7
5.1.	Generelt.....	7
5.2.	0-alternativet.....	8
5.3.	Alternativ 1 basert på Utviklingsplanen.....	8
6.	Problemstillingar og utgreiingsbehov	8
6.1.	Konsekvensutgreiingar	8
6.2.	Andre tema	8
7.	Medverknad og medverknadsprosess.....	10
7.1.	Plan for medverknad	10
8.	Framdriftsplan.....	11
8.1.	Tidsplan	11
9.	Relevante lover og forskrifter	11
9.1.	Lovgrunnlag, nasjonale og regionale føringar	11
9.2.	Lokale føringar - planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.....	12
9.3.	Reguleringsplanar	14
9.4.	Føringar frå Utviklingsplan for Fosnavåg 2024	15
10.	Konsekvensutgreiing	19
10.1.	Generelt.....	19
10.2.	Metode.....	19
10.3.	Utgreiingstema.....	19
11.	ROS-analyse (Risiko- og sårbarhetsanalyse)	23
11.1.	Krav og metode	23

1. INNLEIING

1.1. Om områdereguleringsplan og planprogram

Dette planprogrammet blir sendt på høyring for å sikre brei medverknad i prosessen for lage områdeplan for Fosnavåg sentrum. I etterkant av byutviklingsarbeidet gjort i 2024 der AS Citivas og KIMA arkitektur AS utarbeida ein utviklingsplan for sentrum er det behov for å regulere dei ulike forslaga i en juridisk bindande områdeplan.

Områdereguleringsplan

Områderegulering brukast av kommunen der det er krav om slik plan i kommuneplanen sin arealdel, eller kommunen meiner at det er behov for å gje meir detaljerte områdevise avklaringar av arealbruken.

Planprogrammet fastset rammene for planarbeidet og skildrar kva tema som skal utgreiast, korleis prosessen skal gjennomførast, og korleis medverknad frå ulike aktørar skal sikrast. Dette dokumentet gir tryggleik for at alle relevante problemstillingar blir vurderte og at ingen viktige aspekt blir oversett.

Vi oppmodar alle røynde partar og interessentar til å delta aktivt i høyringsprosessen og kome med innspel til planprogrammet.

Kva er eit planprogram?

Eit planprogram er eit dokument som fastset rammene for ein planprosess, ofte i samband med utarbeiding av ein reguleringsplan eller kommuneplan. Det skildrar formålet med planarbeidet, kva problemstillingar som skal utgreiast, og korleis medverknad frå røynte partar skal gjennomførast. Planprogrammet gir også ein framdriftsplan for arbeidet og fastset kva for konsekvensutgreiingar som er naudsynte. Det sikrar at alle viktige tema blir belyst, og at prosessen blir gjennomført på ein strukturert og open måte.

2. INNLEIING

2.1. Formål med områdeplanen

Formålet med områdeplanen er å regulere dei løysingane som er ligg i [Utviklingsplan for Fosnavåg sentrum](#), vedteken 26.09.2024, [K-sak 105/24](#). Utviklingsplanen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men fungerer som ei politisk bestilling gjennom vedtaket som Kommunestyret gjorde.

Kommunestyret gjorde vedtak om at Utviklingsplanen for Fosnavåg skulle vere styringsdokumentet for utviklinga av Fosnavåg sentrum og kommunestyret ber kommundirektøren starte opp ei områderegulering av Fosnavåg sentrum.

2.2. Bakgrunn

Gjeldande reguleringsplanar i Fosnavåg er av eldre karakter, og det er behov for ein gjennomgang av arealbruken sett i lys av byutviklingsarbeidet som er gjennomført.

Kommunestyret har i [kommuneplanen sin samfunnsdelen](#) sagt at *eit sterkt og aktivt sentrum vil vere med på å skape samfunnsutvikling, vil kunne skape sterke bygder og vere kjerna i samfunnsutviklinga*.

Kommunestyret seier vidare at dei ynskjer at Fosnavåg skal vere det naturlege senteret som vert nytta aktivt av både innbyggjarar, arbeidande og besøkjande. Vi ynskjer å legge til rette for auke tal på innbyggjarar i Fosnavåg sentrum og i kommunen samla sett. Vi ynskjer også å auke antal besøkjande gjennom heile året. For å løyse dette må vi skape eit attraktivt sentrum for alle med gode møteplassar og gje folk ein grunn til å kome til Fosnavåg for både handel og oppleving.

Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde. Og for at bygdene skal kunne gjer seg attraktive er dei avhengig av eit sentrum som òg utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurd. Vi kan ikkje sjå på sentrumsutvikling og samfunnsutvikling som to delte satsingsområde.

Utviklingsplanen bygg vidare på [parallelloppdraget frå 2015](#), [sentrumsvisjonen frå 2017](#) og [kommuneplanen sin samfunnsdel](#), og er dermed godt forankra i kommunens planar.

3. PLANENS FORMÅL OG RAMMER

3.1. Overordna mål

Hovudmålet er å regulere store delar av Fosnavåg sentrum i tråd med råda i Utviklingsplan for Fosnavåg sentrum. Ein skal fastsetje dei juridiske rammene for korleis delar av Fosnavåg sentrum skal utvikle seg i framtida. I dette ligg det å gi rammer for byggjeområda, offentlege møteplassar/områder, vegar, gangvegar, grøntareal, parkområde og bruk av sjøareal. Kommunen ynskjer å leggje til rette for fortetting av transformasjon i samsvar med føringane i Samfunnsdelen og utviklingsplanen.

3.2. Planen sitt innhald og detaljgrad

Dømer på tema planen skal ta føre seg:

- Rammer for byggjehøgder og utnytting (møne- og gesimshøgde)
- Rammer for parkering, parkeringsnorm – parkeringsløysingar

- Gjenbruk av bygningsmassar
- Trafikkmønster, bil og buss
- Mjuke trafikantar – gåande og syklande
- Krav til byrom og gatemiljø - standard og opparbeiding
- Fortetting, transformasjon, ombruk og riving
- Byggjeskikk og utforming av offentlege areal
- Leike- og møteplassar
- Grønstruktur – Samanhengar mellom gater, parkar og friluftsområde.
- Utfylling i sjø

3.3. Krav om konsekvensutgreiing

Planar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiast. Områdereguleringsplanen fell inn under § 6 i forskrift om konsekvensutgreiingar (§ 12-2 etter plan- og bygningslova) som krev at områdereguleringsplanar for utviklingsprosjekt for by- og tettstadar som inkluderer parkeringsanlegg skal ha konsekvensutgreiing, jf. 10 b i vedlegg II.

Konsekvensutgreiinga skal skildre kva for verknader endring i arealbruk eller utbygging får for miljø og samfunn. Fordelar og ulemper av dei ulike tiltaka skal vurderast i lys av dei overordna måla for miljø og samfunn.

3.4. Planprosess og organisering

Områdereguleringsplanen vil bestå av planomtale, plankart og tilhøyrande føresegner. Dette gir juridiske rammer og føringar for bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader etter pbl § 12- 1.

I planen kan det setjast krav om detaljregulering eller felles planlegging, og det vil kunne vere noko variasjon i detaljgrad mellom dei ulike områda i planen. Ved behov vil ein opne for parallelle detaljreguleringsprosessar som seinare integrerast i den ferdige planen. Områdereguleringsplanen vil gjelde til den vert avløyst av ein ny plan, men kommunen sitt høve til å oreigne fell vekk når planen er 10 år.


Under prosessen skal ein utvikle forslag til planløysingar, involvere dei som vert råka på ein god måte og gi eit heilskapleg grunnlag for kommunestyret sitt vedtak i plansaka.

3.5. Juridisk og politisk grunnlag


Planarbeidet er forankra i Kommunestyret sitt vedtak 26.09.2024, K-sak 105/24. Målsettingane med planarbeidet er forankra i fleire politiske vedtak og dokument som td. kommuneplanen sin samfunnsdel, sentrumsvisjonen og utviklingsplan for Fosnavåg sentrum. Alle dokumenta finn du på Herøy kommune sin artikkel om byutviklingsarbeidet: <https://www.heroy.kommune.no/tenester/bygg-eigedom-og-plan/byutvikling-i-fosnavag/>

3.6. Geografisk avgrensing

Området er om lag 120 daa og strekk seg frå ytre del av Fosnavåg (utom Meny-bygget) i nordvest og til «Sentrums-krossen» (der Gerhard Voldnes veg møter Våggsgata) i sør-aust.



Plangrense med grunnkart som underlag



Plangrense med flyfoto som underlag

4. SKILDRING AV PLANOMRÅDET

4.1. Eksisterande situasjon

Planområdet tek føre seg sentrumskjerna i Fosnavåg og er i stor grad dekt at ulike reguleringsplanar som både er av nyare dato, men dei fleste er utdaterte i plansamanheng.

Området strekk seg frå den kommunale pumpestasjonen på Kleiva og går mot nord-aust for å ta med det utfylt området, Igesundtomta, og inkluderer bygningsmassen i dette området. Grensa strekk seg mot aust i sjøen og endar på spissen ved det gamle isanlegget som vart delvis teke ned sommaren 2024. Plangrensa går vidare langs kaikanten forbi Fosnavåg rør og Rem offshore. Her går grensa i sjøen og inkluderer småbåthamna som ligg utanfor Holmsild og Bryggen. Den går rett over sjøen og til kaihjørnet til Ytre almenning. Grensa fyl kaikanten vidare til vi møter reguleringsplanen for Thon hotell Fosnavåg og knekk 90 grader mot sørvest og inkluderer både Strandteigen og Fosnagard(Vikene huset)og igjen møter reguleringsgrensa til Thon hotell Fosnavåg. Her fyl vi Gerhard Voldnes veg forbi Thon hotell Fosnavåg og Madelynn og kryssar vegen opp mot Gjerdet når vi møter reguleringsplanen for Fosnavåg hamn. Vi legg oss i grensa til planen for Fosnavåg hamn og inkluderer huset som ligg heilt inn i vegbana ved Gerhard Voldnes veg mot Gjerdet. Vi knekk av og går mot vest langs eigedomsgrensa til kommunen sin eigedom på Gjerdet som kommunen nyleg har kjøpt. Vi fyl så grensene til dei kommunale eigedomane på Gjerdet til vi møter Vågsgata. Her fyl vi kanten på reguleringsplanen for Innfartsveg til Fosnavåg heile vegen til Sentrumskrossen(krysset der Gerhard Voldnes veg møter Vågsgata og Igesundvegen). Her kryssar grensa over fylkesvegen og går ned Igesundvegen (Stassabakken). I botn av bakken ved Modeca så fyl den plangrensa for Innfartsvegen til Fosnavåg og kryssar Rådhusgata. Vi har valgt å ikkje gå inn i reguleringsplanen for innfartsvegen då vi trur dette vil medføre ein forlenga prosess og ein større diskusjon om reguleringsplanen for innfartsveg(tunell) bør liggje der eller om den bør opphevast. I dette arbeidet er det byutvikling og sentrumsutvikling som er vårt hovudoppdrag frå Kommunestyret. Grensa fyl vegglivet til Rådhusgata 1 og fyl denne mot rådhuset. Grensa knekk igjen i 90 grader ved hjørnet på Herøy malarservice AS og kryssar gata midt mot parkeringsplassen til rådhuset. Grensa går sør-vest til enden av parkeringsplassen og knekk vidare rett mot rådhuset. Då er heile parkeringsplassen inkludert i planområdet. Plangrensa går tilbake mot Rådhusgata og fyl deretter fortauet mot nord-vest(mot Meny). Her går den heilt til Tollåsbakken. Her inkluderer vi krysset i Tollåsbakken for å oppdatere plangrunnlaget for krysset. Grensa går vidare «opp» vegen til Fosnavåg Rederipark. Plangrensa gjeld i alle «nivå» så vi har også med parkeringskjellaren som ligg under parkeringsplassen ved Rederiparken. Her går grensa mot sør-vest igjen og bak mot Igesundområdet. Vi inkluderer heile arealet bak Meny og Rederiparken der utviklingsplanen foreslår å forlengje parkeringshuset bakover. Her går grensa i rett linje tilbake til pumpestasjonen på Kleiva som vi starta.

Planområdet består i stor grad av ulike næringsbygg med detaljhandel og tenesteyting og fleire har kontor og leilegheiter i etasjane over. Det er store areal avsett til infrastruktur som veg, parkering og kai. Det er regulert eitt parkområde utanfor Valaker og Sparebank 1, men dette er ikkje realisert. Der er også regulert ein uformell møteplass i Kvadranten med fontena og ein mellom Holmsild og Bryggen. Ingen av desse fungere godt som samlingsstad per i dag. Det er også bygd ein paviljong og benkar utanfor Bryggen utan at dette er regulert til det føremålet. Ytre almenning er i dag ein parkeringsplass, men utplassert nokre benkar og ved kaia er det etablert den nye Pilotparken med leikeapparat, benk og propellen frå Rig Pilot med informasjonsplakat. Ved Vågsplassen er det regulert stor parkeringsplass, men med mykje

murar og beplantning som gjer arealutnytting dårlegare. Ytst på Vågsplassen står Fiskarkona med utsikt mot Runde og det er sett opp ein del piknikkbenkar. Mellom Vågsplassen og Havbygget ligg busshaldeplassen i Fosnavåg og stoppeplass for taxi.

Utanfor planområdet finn vi Parken som er det største sosiale møteplassen i sentrum med hovudfokus på fysiske aktivitet for barn og unge. Ved hotellet ligg er det også etablert eit populært møtepunkt for born og unge med blåser og aktivitetsapparat.

4.2. Landskapsbilete

Fosnavåg ligg i og inntil ei særmerkt landskapsform med den naturlege hamna som det sterkaste elementet. Bratte fjellveggar på opptil 200 meters høgde kransar seg om vågen i ei hesteskoform frå nordaust til nordvest og skjermar for ver og vind. Ned frå dette skaret går tilkomstvegen Vågsgata. Denne vegen er noko av det som har vore med å utvikle Fosnavåg til slik det framstår i dag.

Når vi kjem ned til sentrum møter vi ein gatestruktur som har gitt rom for å skape både ferdsel og opphald mellom bygga der nokre gater er stengde for bilar og gåande har prioritet. Når vi kjem ut på Vågsålassen opnar det seg opp mot Holmefjorden og storhavet utanfor når vi ser frå Fiskarkona.



Den tydelege hesteskoforma som omkransar Vågen

5. ALTERNATIV

5.1. Generelt

For å vurdere verknadar, definerast eit 0-alternativ og ulike planalternativ.

Alternativa skal synleggjere ulike måtar å nå målet med planen.

Forskrift om konsekvensutredning seier at det alltid skal gjerast greie for konsekvensane av å ikkje realisere ein plan, og dette reknast som eit 0-alternativ. 0-alternativet er referansesituasjonen som planalternativa skal samanliknast mot i konsekvensutgreiinga og ved undersøking av ulike tema. 0-alternativet vert ofte definert som eksisterande situasjon med utvikling i tråd med gjeldande regulering.

5.2. 0-alternativet

Gjeldande reguleringsplanar består. Sentrum vert bygd vidare innanfor desse rammene

5.3. Alternativ 1 basert på Utviklingsplanen

Tilrådingane i Utviklingsplanen for Fosnavåg skal leggest til grunn for områdeplanen.

6. PROBLEMSTILLINGAR OG UTGREIINGSBEHOV

6.1. Konsekvensutgreiingar

Planarbeidet utløyse krav om konsekvensutgreiingar for å sikre at alle relevante tema blir grundig vurdert. Dette er gjort greie for i kap. 9. Krav til konsekvensutgreiing gjeld nye tiltak som blir foreslått i planen.

6.2. Andre tema

Transport og trafikk

- Trafikkanalyse inkludert vurdering av omlegging av trafikken ved Holmefjordvegen(Vågsplassen).
- Ny bussterminal/busstopp i Fosnavåg
- Tilgjenge til og for kollektivtransport.
- Ladepunkt for elbilar.
- Parkeringshus ved Igesund/Meny i tråd med utviklingsplanen

Teknisk infrastruktur

- Vurdering av løysingar for avfallshandtering innan planområdet.
- Vurdere endra behov i infrastruktur for straumnett/IKT.
- Vurdere behovet for og mogleheitene for nye energiløysingar som t.d. fjernvarme, fjordvarme, solcelle.

Forureining – utslepp til luft, klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, støv, lukt og støy

- Støyvurderingar der planen legg til rette for støyfølsom bruk.
- Forureining i sjø v/ev. utfylling.
- Utslepp til luft i anleggsfase (støv, lukt).

Grunnforhold – sikker byggjegrund, behov for utfylling i sjø m.m.

- Vurdering av trygg byggegrunn må gjennomførast der planen legg til rette for utbygging utan detaljregulering.

Beredskap og ulukkesrisiko

- Vurdere tilkomst for utrykkingskøyretøy, tilgang til sløkkevatn .
- Trafikktryggleik.

- ROS-analyse.

Naturmangfald

- Det skal skildrast korleis planforslaget påverkar / legg til rette for verdiar knytt til naturmangfald på land og i sjø innanfor planområdet.

Vassmiljø

- Vurdere påverknad av vassmiljø i Holmefjorden.

Landskap, nærmiljø og grønstruktur

- Vurdere landskapsverknaden i fjordlandskapet og bybiletet, og vurdere tolegrenser for ny utbygging.
- Det skal gjerast greie for korleis utbygging som planen legg til rette for påverkar sol- og dagslysforhold, vindforhold og siktaksar.
- Vurdere løysingar for styrking av eksisterande og etablering av nye parkar, plassar og byrom.
- Sjå på løysingar for promenade for å styrke kontakta med havet gjere sjøfronten til eit tilgjengeleg og attraktivt opphaldsområde for ferdsel og aktivitet.

Busetjing

- Det skal gjerast greie for korleis type bustader påverkar innbyggjarsamansettinga og behov for sosial infrastruktur, leikeplassar og grøntareal m.v.

Barn og unge sine oppvekstvilkår

- Det skal vurderast å gjerast greie for tiltak som kan vere med på å styrke barn og unge sine oppvekstvilkår som t.d.
 - Leike- og opphaldsareal og korleis sikre gjennomføring ved til dømes frikjøpsordning.
 - Ferdselsårar.
 - Tilgang til grøntareal.
 - Avstand til skule og trygg skuleveg.

Berekraftig mobilitet

- Vurdere arealbehov og tilgjenge for grøn mobilitet (gåande, syklande og kollektivtrafikk).
- Vurdere verknader for viktige smug, gang- og sykkelaksar i og rundt sentrum, og løysingar for styrking av slike.
- Vurdere løysingar for sykkelparkering og -lading under tak.

Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett – universell utforming

- Ein skal i planforslaget gjere greie for korleis uteareal, ferdselsårar for mjuke trafikantar og bygde omgjevnader skal utformast i samsvar med krav om universell utforming.
- Vurdere kartlegging av tilgjenge og universell utforming i viktige ferdselsaksar i sentrumskjernen.
- Vurdere behovet for styrking av framkome for mjuke trafikantar mellom grønne lunger i sentrum.

Samfunn – sysselsetting, næringsliv, turisme

- Foreslå tiltak for å vitalisere lokal handel på ein måte som bygg opp om måla om meir aktivitet og gateliv i sentrum.
- Etablering av torgplass i sentrum med straumpunkt.
- Ein skal legge til rette for meir næringsstomter i Fosnavåg i tråd med utviklingsplanen.

Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet

- Det skal utarbeidast ein rettleiar som sikrar kvalitet i bygg, anlegg, vegar, gater, plassar og uterom i sentrum. Rettleiaren bør også skildre grenser og utforming av grenser mellom offentlege og private gaterom, samt vurdere behov for særskilde krav til materialbruk, utforming av hjørne, bruk av første etasje og andre forhold som skaper miljøet ein ynskjer. I denne skal det også lagast ein «fargepalett for Fosnavåg».


Klima og energi

- Vurdere løysingar for gjenbruk og sambruk i bygg og infrastruktur no og i framtida.
- Skildre løysingar for fornybar og låg energibruk for ombyggingar og nybygg.
- Vurdere løysingar og krav for samla avfallshandtering.

7. MEDVERKNAD OG MEDVERKNADSPROSESS

7.1. Plan for medverknad

For å sikre brei medverknad frå alle røyrtte partar, vil det bli lagt opp til ein omfattande medverknadsprosess. Dette inkluderer tidleg kontakt med grunneigarar, etablering av ei prosjektside på kommunen sine heimesider for å sikre god informasjon, og fleire høyringsrundar der både offentlege og private aktørar kan kome med innspel.



Figuren viser ei oversikt over planprosessen og når du kan gje innspel

Planprosessen følger plan- og bygningsloven sine tre hovudtrinn, og er ein lang prosess med mange steg. Prosessen skal sikre at ein får fram konsekvensane av planen, både positive og negative, og at dei som blir røyrt av planen får moglegheit til å kome med si meining.

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2011)
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2022)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planleggingen, Rundskriv T 02/08
- KMD rettleiar - Barn og unge i plan- og byggesak (2020)
- Nasjonale mål for vann og helse (2014)
- Nasjonal transportplan

Regionale planar

- Regional planstrategi (2025-2028)
- Fylkesplan for Møre og Romsdal (2025-2028)
- Fylkesstrategi for samferdsel (2021-2024)
- Fylkesstrategi for klima, miljø og energi (2023-2026)
- Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstadar (2023-2026)
- Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion (2022-2027)
- Regional delplan for kulturminne av regional og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi (2015)

Andre relevante dokument

- Miljøverndepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen
- Samfunnssikkerhet i kommunen si arealplanlegging
- Havnivåstigning og høye vannstander i samfunnsplanleggingen
- Nasjonalt veikart for smarte og bærekraftige byer og lokalsamfunn
- Møre og Romsdal fylkeskommune sin rettleiar for skuleskyss
- Vegkart
- Støykart knytt til fylkesvegar

Kommunale planar og kommunedelplanar

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommuneplanen sin arealdel
- Heilskapleg ROS
- Kommunedelplan for strategisk næringsutvikling
- Kommunedelplan for trafikktrygging
- Kommunedelplan for avlaup
- Kommunedelplan for klima
- Kommunedelplan for bustadpolitikk
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
- Kommunedelplan for helse og omsorg
- Hovudplan vassforsyning
- Strategi for investering, drift og vedlikehold av kommunale bygg
- Alkoholpolitisk handlingsplan
- Eldreplanen 2024–2028
- Frivilligplan

9.2. Lokale føringar - planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

Planstrategi 2024-2027

Hovudutfordring knytt til demografi er at vi står ovanfor ei framtid med nedgang i folketalet, ei aldrende befolkning, talet på aleinebuande aukar og ei ujamn kjønnsfordeling. Vi har ei lita auke i folketalet i kommunen, men det er innvandringa som står for auken.

Byutviklingsarbeidet (bla. regulering av Fosnavåg sentrum) skal imøtekomme desse utfordringane ved å legge til rette for fleire møtestadar på tvers av generasjonar og kulturar. Dette kan bidra til å førebygge einsemd. Byutviklinga er viktig for å gjere kommunen attraktiv for fastbuande, tilflyttarar og turistar. Planen kan gi positive ringverknader når det gjeld den ujamne kjønnsbalansen i kommunen, for eit attraktivt sentrum med gode tilbod kan vere med på å trekke feire kvinner til kommunen.

Innan temaet næringsliv og kompetanse er det trekt fram utfordringar knytt til handelslekkasje i bu- og arbeidsmarknadsregionen på 14 prosent og er nettoimportør av konsumvarer, noko som gir handelsunderskot i detaljhandelen. Næringslivet har også høg risiko for konjektursvingingar.

Byutviklingsarbeidet er sett i gang for å gjere kommunen attraktiv for tilflyttarar, men også for buande og turistar. Byutviklingsarbeidet vil vere positivt for næringslivet, og legg føringar for kva utfordringar vi må ta tak i. Målet må vere å redusere handelslekkasje.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommunestyret har i [kommuneplanen sin samfunnsdelen](#) sagt at *eit sterkt og aktivt sentrum vil vere med på å skape samfunnsutvikling, vil kunne skape sterke bygder og vere kjerna i samfunnsutviklinga.*

Kommunestyret seier vidare at dei ynskjer at Fosnavåg skal vere det naturlege senteret som vert nytta aktivt av både innbyggjarar, arbeidande og besøkjande. Vi ynskjer å legge til rette for auke tal på innbyggjarar i Fosnavåg sentrum og i kommunen samla sett. Vi ynskjer også å auke antal besøkjande gjennom heile året. For å løyse dette må vi skape eit attraktivt sentrum for alle med gode møteplassar og gje folk ein grunn til å kome til Fosnavåg for både handel og oppleving.

Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde. Og for at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengig av eit sentrum som òg utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurd. Vi kan ikkje sjå på sentrumsutvikling og samfunnsutvikling som to delte satsingsområde.

For at Fosnavåg skal vere det kommunesenteret som innbyggjarane ynskjer, bør kommunen ha som målsetting å auke talet på busette i sentrum. Dette vil truleg føre med seg auka aktivitet i sentrum på ettermiddag og kveldstid og auke grunnlaget for næringane i sentrum.

Byutvikling og handelsstanden spelar her ei sentral rolle i å skape aktivitet også "mellom bygga", med velferdstilbod og møtestadar i sentrum. Det vil vere viktig å ta omsyn til omgjevnadane til butikklokala når ein tenkjer byutvikling og ikkje bygger dei inne, men legg vekt på at handelsstanden får vise sitt innhald ut mot gata.

Kommunestyret seier også at kommunen skal satse på miljøvenleg turistretta næring for å auke verdiskapinga i kommunen.

Kommuneplanen sin arealdel

Føresegna til arealdelen seier om Fosnavåg sentrum *at innanfor dette område skal det etablerast bustadar, detaljhandel, hotell- og restaurantar, bank og annan forretningsmessig tenesteyting, offentleg og privat administrasjon, kulturtilbod, parkeringsareal, torg og offentlege plassar, rekreasjon og underhaldning*

I retningslinja står det at *detaljhandel bør sentraliserast innanfor ei avgrensing på 500m frå Thon Hotel Fosnavåg til Sunnmørsfisk. For bygningar i sentrum bør 1.etg. vere avsett til detaljhandel og tenesteyting.*

I planomtalen står det følgjande:

Gjennom arealdelen har ein lagt opp til å nytte eit nytt område i Fosnavåg til sentrumsføremål som vil leggje til rette for at ein kan etablere areal til tenesteyting, forretning, bustadar, kontor, hotell/overnatting og bevertning med naudsynt grøntareal. Korleis område skal nyttast skal avgjerast gjennom eit eige Byutviklingsprosjekt som inneheld ein arkitektkonkurrans som skal leggje til rette for eit reguleringsarbeid. Arealet som er avsett viser berre moglegheitsrommet kommunen har og ikkje den konkrete utfyllingslinja for eit nytt landområde. Dette må avklarast gjennom ei detaljregulering. Kommuneplanen vil ha positive verknadar for utvikling av sentrum ved at det vert sett av eit større areal for utviding av sentrum mot Igesund.

I vurderingane som er gjort er det derfor lagt vekt på om område ligg i nærleiken til Fosnavåg eller om forslaget er fell innanfor satsingar i kommuneplanen sin samfunnsdel som td.:

- *Kommunen skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.*
- *Fosnavåg skal vere eit naturleg sentrum for innbyggjarane i Herøy med dei tilboda som innbyggjarane etterspør.*
- *Kommunen ynskjer næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg.*
- *Herøy kommune skal auke antal turistar og turismeretta aktivitetar i kommunen.*


Kommunen er i dag basert på eit handelssentrum og sterke bygder. Bygdene er med på å byggje opp under Fosnavåg og Fosnavåg sin funksjon for Herøy kommune ved handel og tenesteyting. Kommuneplanen sin arealdel tek omsyn til bygdene sin identitet og legg til rette både for auka busetting i sentrumsnære område, men også i bygdene. Med arealdelen slik den er no, vil det vere tilgjengeleg bustadareal i alle bygdelag for fleire år fram i tid.

9.3. Reguleringsplanar


Fosnavåg sentrum består i dag av 10 reguleringsplanar der dei fleste av gamle og utdaterte i plansamheng.

Planane som vert berørt av områderegulering er:

PlanID	Plannamn	Ikrafttredelse/vedtaksdato
201250	- Kommuneplan for Herøy arealdelen	30.10.2014
198701	- Fosnavåg sentrum	27.03.1987
199801	- Holmsildkvartalet i Fosnavåg	05.12.2000
200104	- Fosnavåg sentrum, tomt F9	23.11.2001
200204	- Fosnavåg sentrum, Feie/Hansen-kvartalet	24.10.2002
200602	- Fosnavåg Sentrum/Vestre del av hamneområde	02.11.2006
200904	- Fosnavåg sentrum – aust	22.10.2009
201101	- Sentrumsteigen gnr. 34 bnr. 99 og 374 mfl.	25.08.2011
201203	- Rådhuskvartalet	22.06.2011
201263	- Fosnavåg Hamn	26.03.2015
201289	- Reguleringsendring for Sjøside Eigedom	28.11.2013
201616	- Detaljregulering for Fosnavåg hamn, ytre hamn, Gnr. 35, Bnr. 31 m.fl.	15.02.2018



Innanfor plangrensa med raud strek syner reguleringsstatus. Kvite felt så gjeld arealdelen.



Innanfor plangrensa med raud strek ser vi kva som ligg innanfor kommuneplanen sin arealdel. Kvite felt så gjeld reguleringsplanar.

9.4. Føringer frå Utviklingsplan for Fosnavåg 2024

Civitas AS og KIMA arkitektur sluttførte i august 2024 "Utviklingsplan for Fosnavåg sentrum - Strategier for mobilitet og arealbruk - med handlingsprogram".

Det blir viktig å følge opp og vidareutvikle utviklingsplanen, samt å jobbe for å realisere tiltaka som er skissert for å lukkast med byutviklingsarbeidet. Fosnavåg har alle føresetnadar for å vere det maritime kommunesenteret der berekraftige og innovative løysingar vert lyfta fram ifølgje parallelloppdraget frå 2015. Men byutvikling er noko som må arbeidast med over fleire år og kommunestyreperiodar. Dei som har hatt suksess med sine byutviklingsprosjekt trekk fram

forutsigbarheit over tid som det viktigaste kriteriet for å lukkast med byutviklingsarbeid. For å skape ei attraktiv kommune som igjen kan føre til vekst i kommunen er det å skape eit attraktivt sentrum veldig viktig. Samarbeid og det å halde seg til planen er ein viktig nøkkel for å lukkast.



Oppsummering frå kapittel 1 Mobilitet og transport

Det er føreslått å endre køyremønster, lage breiare fortau, og etablere rundkøyring i krysset mellom Vågsgata og Nørvågvegen, og ny vegforbindelse til Gerhard Voldnes veg. Lokalisering av haldeplassar, køyrerute og terminal for buss er føreslått endra. Endra køyremønster gir moglegheit for å etablere eit samanhengande tilbod for sykkel, som vil binde ulike delar av Fosnavåg saman. Det er føreslått å innføre tidsavgrensing for parkering, ei gradvis omdisponering av p-plassar til bylivsaktivitetar og å bli ei parkeringskommune for betre handheving. Ein bør og vurdere om det er områder som er aktuelle som gågater, eventuelt berre på sommaren.



Oppsummering frå kapittel 2 Arealbruk og byliv

Det er føreslått å fylle tomme lokale med innhald, permanent eller midlertidig. Dette kan vere marknadsdagar, festivalar, å opne inaktive butikkfasadar mot gateplan, forskjøne byrom, bygge omdømme, etablere fargepalett, og å ikkje etablere sentrumsfunksjonar utanfor sentrum.

Siktlinjer må bevarast og takast omsyn ved ny utvikling. Det er føreslått å etablere ny bebyggelse med sentrumsfunksjonar på gateplan i sentrumsområdet, og nye bustadar i og like utanfor sentrum. Ein bør utvide eksisterande parkeringshus ved Meny. Det er føreslått å vidareutvikle viktige byrom og møteplassar, samt gjere tilgjengeleg sjøfront og vidareutvikle hærlegheiter nær

sentrum. Det er viktig å ta vare på og vidareutvikle eigedommar med viktige kulturminner som blant anna Gjerdet.




Oppsummering frå kapittel 3 Handlingsprogram

Det er føreslått 11 tiltak på kort, mellom- og lang sikt. Etablere ein samarbeidsavtale, områderegulering, sentrumskoordinator, lågare fartsgrense, korttidsparkering, realisere byggeprosjekt, zipline, Norsk havsenter, estetisk veileder, prøve ut nytt køyremønster, ombygging av gatenett og etablere permanente løysingar for alle trafikantgrupper, være raus og framsnakke kvarandre.

Viktige moment frå Utviklingsplanen

Det er lagt inn fleire «infill» prosjekt i planen og klargjering av arealbruken. Sentrumskjerna med handel og aktivitet bør vere frå hotellet til Meny og områda utanfor er gode områder for busetting og langtidsparkering. Det bør også vere korttidsparkering i sentrumskjerna.




Utviklingsplanen foreslår utvikling av Vågsplassen frå parkeringsplass til næringstomt. Kombinert aktivitet med publikumsretta funksjonar i 1.etg. og primært kontorfasilitetar i etasjene over. Områdeplanen



Utviklingsplanen foreslår realisering av ein ny «parkområde» (vist med 1 på bildet) i Fosnavåg ved sidan av næringstomta på Vågsplassen. Denne må ta omsyn til tilkomst til bygga i dag, men skape eit nytt

må avklare bygghøgder om det kan byggest 3 eller 4 etasjer.

aktivitetsområde i Fosnavåg med kopling og utsikt til Runde.



Utviklingsplanen foreslår å utvide parkeringshuset ved Igesund/Meny for å romme parkering for nye næringsbygg i sentrum. Det vil også frigjere eksisterende parkeringsplassar på dei parkeringsplassane som vert vidareført ved at kontorarbeidarar kan parkere i parkeringshus og ikkje ta opp parkeringsplassar til handlande og turistar. Utviklingsplanen foreslår også at områdeplanen gjer greie for moglegheiter for djupvasskai i Fosnavåg for å ta i mot turistar.



Utviklingsplanen foreslår å flytte busshaldeplassen i sentrum til parkeringsplassen ved Rådhuset. Endeleg plassering og utforming må ein avklare i områdeplanen. Utviklingsplanen foreslår også å redusere parkområdet utanfor Valaker og Sparebank 1 og behalde noko parkering.

Utviklingsplanen foreslår å utvikle Gjerdet til eit friluftsmuseum i tråd med intensjonane ved kjøp av eigedomen. Området vert statleg sikra og utgjer eit viktig kulturhistorisk område i Fosnavåg.

10. KONSEKVENsutGREIING

10.1. Generelt

Føremålet med konsekvensutgreiingar er å sikre at ein tek omsyn til miljø og samfunn under førebuing og utarbeiding av planar og tiltak. Områdeplanen er omfatta av §6 i forskrift om konsekvensutgreiing der det står at områdereguleringplanar for utviklingsprosjekt for by- og tettstadar som inkluderer parkeringsanlegg skal ha konsekvensutgreiing, jf. 10 b i vedlegg II.

Det inneber at ein skal skildre verknadene for alle nye område for utbygging, og der arealbruken vert vesentleg endra i eksisterande byggeområde.

Dette kapittelet skildrar dei forhold ein ser som vesentlege i plansaka, og som bør utgreiast nærare som del av planarbeidet. Fokus i planprogrammet og utgreiingane iht. forskrifta §5 skal vere på relevante rammer og krav i §7 og vedlegg IV. Målsettinga er å få fram naudsynt og avgjerdsrelevant kunnskap.

10.2. Metode

Metodane som skal nyttast til utgreiing er:

- Utgreiing (tekstleg oppsummering av kunnskapsgrunnlaget)
- Vurdering (tekstleg vurdering av temaet, eventuelt gjennom illustrasjonar)
- Simulering / berekning (eventuelt ved hjelp av eigna programvare) der det er relevant.

For tema knytte til klima og miljø skal Miljødirektoratet sin rettleiar for konsekvensanalyse nyttast, M-1941. Konsekvensutgreiinga for klima og miljø og skal svare ut naturmangfaldslova §§8-12.

Utgreiingane skal ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap, og synfaring i området, men må også vurdere behovet for oppdatering og nye undersøkingar før gjennomføring av planen eller tiltaket. Ein fastset også om det skal gjerast undersøkingar eller tiltak for å overvake og klargjere dei faktiske verknadane av planen eller tiltaket inkludert forslag til korleis dette skal gjennomførast.

Grunnlag / kjelder for utgreiingane skal vere:

- Eksisterande data
- Synfaring

Det understrekast at tema som er skildra under er dei som vurderast som relevante for å fatte ei avgjerd etter forskrift om konsekvensutgreiing.

10.3. Utgreiingstema

Etter å ha gått gjennom lista i KU-forskrifta med aktuelle KU-tema og vurdert om alternativa kan gi vesentlege verknader for dei ulike tema ut frå dagens situasjon, har ein kome fram til at følgjande tema er aktuelle å konsekvensutgreie:

- Arkitektur, estetikk og landskap.

- Friluftsliv og by-/tettstadliv
- Kulturminne og kulturmiljø
- Transportløyisingar
- Barn og unge
- Folkehelse og tilgjenge for alle
- Klimatilpassing - flaum, stormflo og flodbølge
- Klimagassutslepp, energiforbruk og energiløyisingar

<i>Arkitektur, estetikk og landskap (konsekvensutgreiing)</i>	
I planforslaget skal det gjerast greie for	Konsekvensar for kulturminner og kulturmiljø i planområdet.
Det skal undersøkjast	<ul style="list-style-type: none"> • tettstaden sine romlege og visuelle eigenskapar og korleis landskapet vert opplevd som fysisk form • tettstaden sine verdiar når det gjeld arkitektur, estetikk og landskap og belyse konsekvensane av alternativ 1. •
Metode	<p>Utgreiinga skal gjerast av fagpersonar med relevant kompetanse innan landskapsarkitektur eller arkitektur.</p> <p>Utgreiinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap, synfaring og tema-/registreringskart med grovinndeling av delområde. Avbøtande tiltak skal om nødvendig skildrast.</p> <p>Rettleiar frå miljødirektoratet, M-1941, skal nyttast</p>

<i>Friluftsliv og by-/tettstadliv (konsekvensutgreiing)</i>	
I planforslaget skal det gjerast greie for	Konsekvensar for by – og tettstadsliv i Fosnavåg.
Det skal undersøkjast	<ul style="list-style-type: none"> • Verdifulle områder for by- og tettstadsliv
Metode	<p>Utgreiing av tema friluftsliv / by- og tettstadsliv skal utførast av fagpersonar med erfaring og relevant fagkompetanse.</p> <p>Utgreiinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap, synfaring og registreringskart. Avbøtande tiltak skal om nødvendig skildrast.</p> <p>Rettleiar frå miljødirektoratet, M-1941, skal nyttast.</p>

<i>Kulturminne og kulturmiljø (konsekvensutgreiing)</i>	
I planforslaget skal det gjerast greie for	Konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø i Fosnavåg.
Det skal undersøkjast	<ul style="list-style-type: none"> • Menneskeleg aktivitet gjennom historia knytt til kulturminner, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap. • Påverknad på kulturminne eller kulturmiljø i Fosnavåg. • Påverknad på siktforhold og siktforbindelsar.

Metode	<p>Utgreiingar av dette fagtemaet skal utførast av fagpersonar med erfaring og kulturminnefagleg kompetanse.</p> <p>Utgreiinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap, synfaring og registreringskart. Avbøtande tiltak skal om nødvendig skildrast.</p> <p>Rettleiar frå miljødirektoratet, M-1941, skal nyttast.</p>
--------	--

Transportløysingar

I planforslaget skal det gjerast greie for	Konsekvens for transportbehov i Fosnavåg.
Det skal undersøkjast	<ul style="list-style-type: none"> • Konsekvensar for trafikkavvikling for alle trafikantgrupper inklusiv varetransport og kollektivtransport. • Konsekvens for framkome, trafikktryggleik og universell utforming. <p>Formålet er å avdekke kva alternativ som gir dei mest trafikktrygge løysingar med utgangspunkt i «nullvisjonen» og som gir tiltrekkelige framkome for alle trafikantgrupper. Det er også viktig å sjå på ulike plassering av ladepunkt i sentrum og kartfeste desse.</p>
Metode	<p>Utgreiingar av dette fagtemaet skal utførast av fagpersonar med kompetanse innan transport og mobilitet.</p> <p>Utgreiinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap, synfaring og registreringskart. Avbøtande tiltak skal om nødvendig skildrast.</p> <p>Det skal utarbeidast ein rapport som skildrar dagens situasjon og konsekvensar ved endringane som følge av planalternativet.</p>

Barn og unge

I planforslaget skal det gjerast greie for	Konsekvensar for barn og unge sine oppvekstvilkår med moglegheit for leik og aktivitet i Fosnavåg.
Det skal undersøkjast	<ul style="list-style-type: none"> • Moglegheiter for aktivitet og leik i Fosnavåg. • Korleis ein kan ferdast trygt til viktige målpunkt for aldersgruppa gjennom alle årstider. • Korleis planframlegget kan endre tilgang til viktige ferdselsårar og møteplassar for barn og unge, og om nødvendig skildre tilpassingar og avbøtande tiltak.
Metode	<p>Utgreiinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap, synfaring og registreringskart. Avbøtande tiltak skal om nødvendig skildrast. Ein skal nytte data frå barnetråkkunderskinga i Herøy.</p>

	Det skal utarbeidast ein rapport som skildrar dagens situasjon og konsekvensar ved endringane som følge av planalternativet.
--	--

Folkehelse og tilgjenge for alle

I planforslaget skal det gjerast greie for	Konsekvensar for folk si helse og tilgang til uteområde og viktige kvardagsfunksjonar
Det skal undersøkjast	<ul style="list-style-type: none"> Konsekvensar når det gjeld tilgjenge til uteområde og til viktige kvardagsfunksjonar, som gir eit aldersvenleg samfunn med universell utforming.
Metode	<p>Utgreiinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap, synfaring og registreringskart. Avbøtande tiltak skal om nødvendig skildrast.</p> <p>Det skal utarbeidast ein rapport som skildrar dagens situasjon og konsekvensar ved endringane som følge av planalternativet</p>

Klimatilpassing (konsekvensutgreiing)

I planforslaget skal det gjerast greie for	Konsekvensar av forventa klimaendringar.
Det skal undersøkjast	<ul style="list-style-type: none"> Konsekvensar av forventa klimaendringar som havnivåstigning, stormflo, flaum og skred
Metode	<p>Utgreiinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap. Avbøtande tiltak skal skildrast.</p> <p>Rettleiar frå miljødirektoratet, M-1941, skal nyttast.</p>

Klimagassutslepp, energiforbruk og energiløysingar (konsekvensutgreiing)

I planforslaget skal det gjerast greie for	Konsekvens av klimagassutslepp (som følge transportbehov) og energiforbruk som følge av realisering av planen.
Det skal undersøkjast	<ul style="list-style-type: none"> Transportbehov og reiseavstandar. Korleis alternativet kan bidra til nye eller endra utslepp av klimagassar og redusert energibruk. Kva verknadar som er relevante for å fåtte ei avgjerd for kvart alternativ.
Metode	<p>Utgreiinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap. Avbøtande tiltak om nødvendig skildrast.</p> <p>Rettleiar frå miljødirektoratet, M-1941, skal nyttast.</p>

11. ROS-ANALYSE (RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE)

11.1. Krav og metode

Etter plan- og bygningslova § 4-3 er det eit generelt krav om at det for planar som legg til rette for utbygging skal det gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). For planar med krav til konsekvensutgreiing skal ROS-analysen inngå i konsekvensutgreiinga.

ROS-analysen skal utførast i henhold til hovudprinsippa i DSB sin Veileder til helhetlig risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen. Metoden i rettleiaren er tilpassa krava i PBL med forskrifter.

Metoden legg til rette for å sjå utfordringar i samanheng og bidrar til ei heilheitleg samanstilling av vurderingane.

- ROS-analysen må sjåast i samanheng med overordna ROS-analyse for kommunen.
- ROS-analysen må sjåast i samanheng ROS-analysen i samband med kommuneplanen

Framlegg